

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
038/22	Arbeidsmiljøutvalet	PS	27.10.2022
	Administrasjonsutval	PS	
081/22	Kommunestyret	PS	27.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Wenche Myrmel		22/1096

Stipend, rekruttering og tilsettordningar

Vedlegg

Austrheimmodellen stipend rekruttering og tilsettordningar versjon 1.1

Framlegg til vedtak:

AMU tilrår at kommunestyre vedtek retningslinjer for stipend, rekruttering og tilsettordningar.

Saka vert utsett til etter at den har vore handsama i Arbeidsmiljøutvalet

Kommunestyret - 081/22 - 27.10.2022

KS - behandling:

Handsaming i kommunestyret:
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Saka vert utsett til etter at den har vore handsama i Arbeidsmiljøutvalet

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim kommune ønskjer å tilby økonomiske ordningar og tiltak for rekruttering av personar til særskilde yrke, slik som sjukepleiarar, undervisningspersonell, psykologar og andre stillingar det er eit krevjande marknad.

Ordninga er meint til å gjere kommunen meir attraktiv som arbeidsgjevar og få nyttilsette til å busetja seg i kommunen. Det er også mogleg for tilsette å søkje om støtte til etter-/vidareutdanning både etter denne ordninga og etter vedteken strategisk kompetanseplan for Austrheim kommune.

Vurdering

Ordningane er

- Redusert husleige i kommunal bustad
- Etableringspakke for nyutdanna og nyttilsette
- Konkurransedyktig løn
- Stipend under utdanning
- Stipend for etter- og vidareutdanning
- Stipendordningar for lærarstudentar
- Stipendordningar for sjukepleiarstudentar
- Kommunedirektøren får fullmakt til å nytta desse tiltaka også i andre samanhengar når situasjonen krev det. Slike saker vert referert for formannskapet fortløpande.

Konklusjon

AMU tilrår at kommunestyre vedtek retningslinjer for stipend, rekruttering og tilsettordningar.